

Utval: Hordaland fagskulestyre
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 06.04.2018
Tidspunkt: 09:00 – 11.00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Aslaug Hellesøy	Medlem	FL KRF/R/SV
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Sjur Inge Veim	Medlem	TILSETT
Roald Kvamme	Leiar	A
John Helge Gullaksen	Medlem	FL H/V
Rosalind Fosse	Medlem	FL FRP/MDG

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Erlend Olsen Nondal	Medlem	STUD

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå fagskulen møte:
Rektor Torbjørn Tvedt
Administrasjonsleiar Giulia Casella

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Birthe Haugen	Seksjonsleiar fellestenester
Adeline B. Landro	Spesialrådgjevar

Sakliste

Utvalls-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 8/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 9/18	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 10/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 2/18	Prop. 47 L (2017–2018) Lov om fagskoleutdanning (fagskulelova)	2015/11453	
RS 3/18	NOKUT-godkjenningar ved Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
RS 4/18	Ny tilsettere representant i styret for Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 11/18	Oppdatering av kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 12/18	Årsrekneskap og årsmelding for Fagskolane i Hordaland 2017	2015/11453	
PS 13/18	Ymse		

PS 8/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 06.04.2018

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

PS 9/18 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 06.04.2018

Vedtak

Møteprotokollen vart godkjend med følgjande merknad:

Vara Sara Sekkingstad møtte ikkje for Erlend Nondal Olsen, men for Alexander Fosse Andersen.

PS 10/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 06.04.2018

Vedtak

Merknad til RS2:

Administrasjonen førebur eit brev til komiteen som skal handsama lovutkastet med kommentarar frå styret i høve til namn på lova, offentleg tilskot og moglegheit for plassering på nivå 6 i NKR for treårig utdanning.

Øvrige meldingar vart tekne til orientering.

PS 11/18 Oppdatering av kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek oppdatert Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland som er i tråd med ny organisering.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 06.04.2018

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek oppdatert Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland som er i tråd med ny organisering.

PS 12/18 Årsrekneskap og årsmelding for Fagskolane i Hordaland 2017

Forslag til vedtak

1. Årsmelding for Fagskolane i Hordaland 2017 vert vedteke og sendt som melding til fylkestinget.
2. Styret tek årsrekneskapa for Fagskolane i Hordaland til orientering.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 06.04.2018

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Årsmelding for Fagskolane i Hordaland 2017 vert vedteke og sendt som melding til fylkestinget.
2. Styret tek årsrekneskapa for Fagskolane i Hordaland til orientering.

PS 13/18 Ymse

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 06.04.2018

Ymse

Gunbjørg S. Hanssen frå fylkessekretariatet deltok i fyrste del av møtet for å informere om rutinar i høve til møte- og reisegodtgjersle i styresamanheng.

Årsmelding for Fagskolen i Hordaland

I samband med sak PS 12/18 ber styret om at årsmeldinga for Fagskolen i Hordaland vert sendt ut til relevante aktørar i Hordaland. Vidare ønskjer styret ei sak med revidert budsjett i mai 2018.

Informasjon- og saksflyt i politiske saker som vedkjem styret

Rosalind Fosse sette på vegner av styret fram forslag om at saker som har vært handsama politisk og som vedkjem fagskulen vert lagt fram for styret som melding. Døme på dette er sak om kursverksemd og sak om fondsavsetning. I tillegg er det ønskjeleg at styret kan gje ei uttale i saker som vedkjem styret i samband med politisk handsaming som fagutval.

Kursverksemd

Styret ber om ei sak med ein gjennomgang av kva kursverksemd fagskulen skal ha i framtida til møtet i mai 2018.

Budsjett

Styret ber om sak om budsjettet for 2019.

Regionreforma

Styret ber om informasjon om korleis styret i Sogn og Fjordane er organisert, samt informasjon om Fagskulen Sogn og Fjordane, samt at det etter kvart vert avtalt eit felles møte med styret for fagskulane i det nye vestlandsfylket.

Kompetanseplan og strategi

Styret ber om ei orientering om moglegheiter for lærarar i høve til kompetanseutvikling. Er det eit kompetansebehov som er utdekt, og korleis er situasjonen i høve til rekruttering av nye lærarar.

Styremøte ved studiestader

Styret ønskjer eit styremøte med besøk på Hjeltnes og Voss.

Orienteringar:

Rektor orienterte om søkjartala for neste skuleår og gjennomføring av den fyrste Vestlandskonferansen for lærarar i Bergen.